


SENSORRETTEIING

Emnekode:	LUMNOR40617, LUMNOR40717
Emnenamn:	Masteroppgåve
Eksamensform:	Individuell masteroppgåve, 45 studiepoeng. Omfang: 60–80 sider.
Dato:	
Rettleiar(ar):	
Eventuelt: Lenke til emnebeskrivingane: LUMNOR40617 Masteroppgåve (Høst 2021–Vår 2022) – Høgskolen i Østfold (hiof.no) LUMNOR40717 Masteroppgåve (Vår 2021–Vår 2022) – Høgskolen i Østfold (hiof.no)	



Frå studieplanen:

Masterstudium i norsk i skolen har ein overordna profil retta mot språkleg variasjon i klasserommet. Dei sentrale faglege områda studiet dekker, er literacy, talemålsvariasjon, fleirspråklegheit (og også kulturmøter som motiv og tema i skjønnlitteratur). Vi studerer talespråksvariasjon både i og mellom ulike språk og dialektar, vi studerer skriftspråkleg variasjon gjennom ulike teksttypar og tekstkulturar, og vi studerer forholdet mellom tale og skrift.

Studiet består av fem obligatoriske emne på 15 studiepoeng kvar, i tillegg til ei avsluttande masteroppgåve på 45 studiepoeng. Masteroppgåva skal vere eit sjølvstendig, individuelt, skriftleg arbeid. Oppgåva skal ha ei vitskapleg tilnærming til eit norskfagleg emne med relevans for arbeidet som norsklærer, men kan ha ei brei tilnærming til kva som er skulerelevant. Ho inneber arbeid med ei avgrensa problemstilling og gir rom for teoretisk og metodisk fordjuping. Tema for oppgåva blir valt i samråd med rettleiar.

Oppgåva skal skrivast med 12 pkt. Times New Roman eller tilsvarande, linjeavstand 1 ½. Omfanget på oppgåva skal vere 60–80 sider, der sidene reknast frå første rad i innleiinga til siste line i avslutninga (+/- 10 %).

Masteroppgåva skal ha med eit samandrag på ½–1 side. Samandraget skal vere på norsk, og gjerne også på engelsk. Studenten skal i eit eige tillegg på inntil éi side i masteroppgåva gjere greie for masterarbeidets relevans for virket som lærar/lektor.

Karakterskala: A-F.

Opptakskrav til studieprogrammet:

1) Bachelor eller tilsvarende gradsutdanning på minimum 180 studiepoeng, og inkludert eller i tillegg en fordypning på minimum 80 studiepoeng i norsk/nordisk språk og litteratur, norskdidaktikk eller norsk som andrespråk.

eller

2) Bestått de første tre årene av fireårig grunnskole-/allmennlærerutdanning, eller fullført og bestått annen lærerutdanning rettet mot skole iht. kap. 14 i forskrift til opplæringslova, og inkludert eller i tillegg 60 studiepoeng i norsk/nordisk språk og litteratur, norskdidaktikk eller norsk som andrespråk.

Det er krav om karakterverdien 25 eller bedre i gjennomsnitt fra emnene i norsk/nordisk språk og litteratur, norskdidaktikk eller norsk som andrespråk som inngår i opptakskravet.

Master i norsk i skolen er eit studieprogram som fagleg ligg ein stad mellom språk-/litteraturvitskap og norskdidaktikk. Det er forventa at kandidatane viser språk-/litteraturvitskapeleg innsikt, men ikkje på nivå med disiplinaget.

Vurderinga skal legge vekt på sjølvstende, originalitet, teoretisk forankring, metodisk refleksjon og god skriftleg framstilling i tråd med krava til vitskaplege arbeid (sjå spesifikke spørsmål under).

Spørsmål til sensuren:

- Er problemstillinga relevant, og er den formulert på ein måte som gjer det mogleg å undersøke og svare på den?
- Er undersøkinga gjennomført på ein korrekt og anerkjent vitskapeleg måte?
- Er metoden egna til å undersøke det problemstillinga og/eller forskingsspørsmåla formulerer?
- Blir funna tolka i lys av teoretiske perspektiv?
- Blir primær forskingslitteratur brukt, eller er oppgåva basert på sekundær- eller innføringslitteratur?
- Er undersøkinga gjennomført på ein etterretteleg og respektfull måte, og er eventuelle etiske perspektiv drøfta på ein tilfredsstillande måte?
- Viser oppgåva språkvitskapeleg/litteraturvitskapeleg innsikt i bruk av fagomgrep, og blir fagomgrepa definerte på ein fagleg tilfredsstillande måte?
- Har oppgåva ei sikker og formelt riktig språkføring?
- Har oppgåva ein lesarvennleg og logisk struktur?
- Følgjer oppgåva konvensjonane for vitskapeleg bruk av referansar? (Stil kan veljast frå t.d. <https://kildekompasset.no>, og skal følgast konsekvent.)

Spørsmåla over bygger på dei generelle vurderingskriteriane frå emnebeskrivinga:

Studentens læringsutbytte etter bestått emne

Kunnskap

Kandidaten

- har avansert, spesialisert kunnskap innanfor eit avgrensa norskfagleg eller norskdidaktisk område
- har inngåande kunnskap om vitskapsteoretiske og forskingsmetodiske problemstillingar med relevans for eiga masteroppgåve og for arbeid med norskfaget i skolen
- har inngåande kunnskap om aksepterte normer for vitskapeleg framstilling

Ferdigheiter

Kandidaten

- kan gjennomføre eit sjølvstendig vitskapeleg arbeid
- kan vurdere og bruke relevante metodar for norskfagleg og norskdidaktisk forskning på ein sjølvstendig måte
- kan vurdere relevant forskning, og sjølv bidra med forskingsbasert kunnskap i arbeidet med å vidareutvikle norskfaget i skolen
- kan sette seg inn i litteratur som er relevant for å drive forskning innanfor eit avgrensa norskfagleg eller norskdidaktisk område

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan reflektere over forskningsetiske spørsmål
- kan formidle eit omfattande sjølvstendig forskingsarbeid innanfor fagområdet
- beherskar relevant fagspråk og fagsjangrar
- kan bidra til utvikling av norsk som undervisningsfag i skolen

Karakterbeskrivingar:

Masteroppgåve

Karakter og presisering av kriterium:

A – Framifrå

Oppgåva oppfyller svært høge krav til problemstilling og til vitskapleg handsaming av emnet. Ho viser eit svært høgt kunnskapsnivå, er prega av teoretisk innsikt og har eit svært sikkert metodisk grep. Oppgåva er prega av overtydande sjølvstendig argumentasjon og er klårt og systematisk strukturert. Ho plasserer seg klårt og framifrå i forskningstradisjonen og gir nye bidrag til forskinga. Språkføringa er svært sikker og formuleringsevna framifrå, og det formelle vitskaplege apparatet som disiplinen krev, er brukt på korrekt vis.

B – Mykje god

Oppgåva oppfyller høge krav til problemstilling og til vitskapleg handsaming av emnet. Ho viser eit høgt kunnskapsnivå, er prega av teoretisk innsikt og har eit sikkert metodisk grep. Oppgåva har ein klår og sjølvstendig argumentasjon og er systematisk strukturert. Ho plasserer seg sjølvstendig i forskningstradisjonen og gir nye bidrag til forskinga. Språkføringa er sikker og formuleringsevna god, og det formelle vitskaplege apparatet som disiplinen krev, er brukt tilnærma korrekt.

C – God

Oppgåva oppfyller grunnleggjande krav til problemstilling og vitskapleg handsaming av emnet. Oppgåva viser eit rimeleg høgt kunnskapsnivå, er prega av god teoretisk innsikt og har eit godt metodisk grep. Oppgåva har ein klår argumentasjon og er nokså systematisk strukturert. Ho plasserer seg nokolunde sjølvstendig i forhold til forskningstradisjonen. Språkføring og formuleringsevne er bra, og det formelle vitskaplege apparatet som disiplinen krev, er brukt nokolunde bra.

D – Nokså god

Oppgåva har vesentlege manglar med omsyn til problemstilling og vitskapleg handsaming av emnet. Ho viser eit visst kunnskapsnivå, det metodiske grepet er litt usikkert og forholdet til forskningstradisjonen lite sjølvstendig. Oppgåva har veikskarar både når det gjeld abstraksjonsnivå, argumentasjon og systematikk i oppbygginga. Språkføringa og formuleringsevna er litt usikker, og det formelle vitskaplege apparatet som disiplinen krev, er ikkje brukt fullt ut.

E – Tilstrekkeleg

Oppgåva har store manglar med omsyn til problemstilling og vitskapleg handsaming av emnet. Ho tilfredsstillar minimumskrav til bruk av kjelder og sekundærlitteratur, men er prega av eit lågt kunnskaps- og argumentasjonsnivå og av eit usjølvstendig forhold til forskningstradisjonen. Den teoretiske innsikta er mangelfull og det metodiske grepet usikkert. Evna til argumentasjon og til systematisk oppbygging er klårt mangelfull. Språkføringa og formuleringsevna er usikker, og oppgåva tilfredsstillar berre minimumskrav til det formelle vitskaplege apparatet som disiplinen krev.

F – Ikkje greidd

Oppgåva oppfyller ikkje dei minimumskrava som blir stilt til problemformulering, teoretisk refleksjon, metodisk grep, argumentasjon, struktur og språkleg framstillingsevne.

Kilde: *Fagorgan for nordisk språk og litteratur*